



Bergenseren ville byggja hytte på vestsida av Steinaneset, men fekk ikkje dispensasjon

**Forvaltningskomiteen fylgde rådmannen og sa samrøystes nei til søknaden frå Kåre Hauge på Nesttun i Bergen om dispensasjon frå arealføremålet LNF og forbodet mot bygging i strandsona. Det ligg ikkje føre særlege grunnar etter lova og dermed får Hauge ikkje frådela 0,8 dekar for bygging av hytte aust for Skorpevågen.**

Tilkomsten skulle skje sjøvegen, takvatn skulle nyttast som vasskjelde og det skulle installerast biologisk toalett. Heile parsellen ligg innanfor hundremetersbeltet frå sjøen, men ikkje innanfor det som kallast funksjonell strandsone.

Rådmannen hadde peika på at det 40 meter mot nordvest for parsellen ligg eit område som er avsett til spreidd fritidsutbygging. Her er det krav om bebyggelsesplan. Vurdering om å utvide det eventuelle hytteområdet bør kome ved neste rullering av kommuneplanen, skreiv rådmannen.

Verksemdsleiar Tormod Fossheim streka i komiteen under at det er viktig med bebyggelsesplanar fordi hyttene bør plasserast slik at dei ikkje generer andre. Knut Sjøwall (Ap) uttala at det var viktig å sjå heilheiten og viste til feltet som er planlagd like ved den omsøkte hyttetomta.

- Ei einskild hytte må ikkje få lov til å stengja for eit stort hyttefelt, understreka han.

Av Ola Matti Mathisen